




Arbeidsmarknadsprognose

NAV Vestland

2024



Innhold

1. Samandrag	4
2. Om prognosen	6
2.1. Regioninndeling for Vestland i prognosen	6
2.2. Metode	6
3. Økonomiske utsikter	8
3.1 Internasjonale trender	8
3.2 Norsk økonomi	8
3.3 Utsikter for Vestland fylke.....	9
4. Etterspurnad etter næringsgrupper (SSB)	10
4.1 Det samla estimatet	10
4.2 Jordbruk, skogbruk og fiske.....	10
4.3 Bergverksdrift og utvinning av olje.....	11
4.4 Industri, inkludert kraft og renovasjon.....	11
4.5 Byggje- og anleggsverksemd	12
4.6 Varehandel	12
4.7 Transport og lagring	13
4.8 Overnatting og servering	13
4.9 Tenesteyting (med høg kompetanse).....	14
4.10 Offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring	14
4.11 Undervisning.....	15
4.12 Helse- og sosialtenester	15
4.13 Personleg tenesteyting.....	16
5. Tilpassing på arbeidsmarknaden	17
5.1. Stramheit.....	17
6. Regionale overslag	19

Tabellar og figurar


Tabell 1: Endring i bruttoledigheit i regionane. Prognose for 2024..	5
Tabell 2: Talet på sysselsette etter arbeidsstad 2020 - 2024. Prognose for åra 2023 og 2024.....	19
Tabell 3: Utvikling i talet på bruttoledige 2019 - 2023. Prognose for 2024. Årssnitt.	19
Figur 1: Utvikling i bruttoledigheita i Vestland 2010-2024. Prognose for 2024.	4
Figur 2: Arbeidsstyrke i Vestland over tid. Estimert for 2023 og prognose for 2024.	4
Figur 3: Regioninndeling i prognosen.....	6
Figur 4: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Alle næringar samla.	10
Figur 5: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Jordbruk, skogbruk og fiske.	10
Figur 6: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Bergverksdrift og utvinning.	11
Figur 7: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Industri, inkludert kraft og renovasjon.	11
Figur 8: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Bygginge- og anleggsverksemd.	12
Figur 9: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Varehandel.	12
Figur 10: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Transport og lagring.....	13
Figur 11: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Overnatting og servering.	13
Figur 12: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Tenesteyting (med høg kompetanse).....	14
Figur 13: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring.....	14
Figur 14: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Undervisning.....	15
Figur 15: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Helse- og sosialtenester.....	15
Figur 16: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Personleg tenesteyting.	16
Figur 17: Stramheita etter grovyrke i Vestland. 2023 mot 2022.....	17
Figur 18: Stramheita etter region i Vestland. 2023 mot 2022. Rangert etter 2023 tal.	18
Figur 19: Dei strammaste yrka med meir enn to utlysingar i månaden.....	18
Figur 20: Brutto arbeidsløyseprosent etter region i 2023 og 2024 (prognose).....	20

1. Samandrag

NAV Vestland utarbeider årleg arbeidsmarknadsprognose for fylket. Rapporten inneheld samandrag, metode, tilbod, etterspurnad og tilpassing på arbeidsmarknaden.


Etter utfordringane knytt til pandemi, krig og høg inflasjon er økonomien i ein ny fase. Prispresset har begynt å minka, samtidig som lånetakarar møter auka kostnader på grunn av heva styringsrente. Som konsekvens fell bustadprisane og investeringane, som fører til noko auka arbeidsløyse innan bygg og anlegg. På den andre sida er økonomien og arbeidsmarknaden i Vestland sterkt prega av olje- og gass, ei næring som ventar høge investeringsnivå framover. Samla sett er forventingane til bedriftene i Vestland uendra samanlikna med fjoråret, ifølgje Vestlandsindeksen (K4-2023).

Prognosen vår anslår i tråd med dei nemnde faktorane at arbeidsløysa vil auka noko i 2024. **Vi ventar ein auke i bruttoledigheita på 10 prosent, slik at årssnittet vil liggje på om lag 7 500 personar.** Dette er på nivå med venta utvikling for landet og er framleis ei lågare arbeidsløyse enn før pandemien.



Figur 1: Utvikling i bruttoledigheita i Vestland 2010-2024. Prognose for 2024.

Mellom regionane i fylket, vil det vere noko ulik utvikling framover. Me går ut frå at regionar med forholdsvis mange bedrifter innan energisektoren og tilknytte næringar (som t.d. Sunnhordland) vil berre oppleve ein marginal auke i arbeidsløysa.



Figur 2: Arbeidsstyrke i Vestland over tid. Estimat for 2023 og prognose for 2024.

At prognosert samla arbeidsløyse i Vestland aukar i 2024 kjem av at arbeidsstyrken er venta til å stige meir enn talet på sysselsette. Estimata våre viser at arbeidsstyrken er venta å auke med cirka 2 500 personar, samtidig som talet på sysselsette går opp med 1 800. Ein nedgang i etterspurnaden etter arbeidskraft er dermed framleis ikkje venta, sjølv om arbeidsløysa er predikert til å stiga litt. I sum vil alle regionane ha fleire ledige i 2024.

	2023	2024*	% endring
R01 Bergen	2,4 %	2,6 %	9,6 %
R02 Sunnhordland	1,2 %	1,3 %	6,7 %
R03 Voss og Hardanger	1,4 %	1,6 %	11,4 %
R04 Midthordland	2,2 %	2,3 %	7,0 %
R05 Vest	2,1 %	2,4 %	13,6 %
R06 Nordhordland	1,3 %	1,5 %	8,9 %
R07 Sunnfjord	1,8 %	1,9 %	8,2 %
R08 Sogn	1,7 %	2,0 %	14,4 %
R09 Nordfjord	1,7 %	1,9 %	12,2 %
VESTLAND	2,0 %	2,2 %	10,1 %

Tabell 1: Endring i bruttoledigheit i regionane. 2024 er prognoserte tal.

2. Om prognosen

2.1. Regioninndeling for Vestland i prognosen

I denne prognosen for Vestland 2024 presenterer me estimat for utviklinga på arbeidsmarknaden på regionalt nivå. Regionane svarar til større bu- og arbeidsmarknadsregionar. I dokumentet vil kvar av regionane bli skildra saman med venta utvikling i arbeidsløysa og sysselsetjing i næringane for 2024. Regionane vi nyttar i denne analysen vil ha følgjande inndeling av kommunar:

Bergen: Bergen

Sunnhordland: Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad

Voss og Hardanger: Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Vaksdal

Midthordland: Bjørnafjorden, Samnanger, Austevoll


Vest: Øygarden, Askøy

Nordhordland: Modalen, Osterøy, Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Solund

Sunnfjord: Kinn, Hyllestad, Høyanger, Askvoll, Fjaler, Sunnfjord

Sogn: Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster

Nordfjord: Bremanger, Stad, Gloppen, Stryn



Figur 3: Regioninndeling i prognosen

2.2. Metode

Tilbod og etterspurnad på arbeidsmarknaden

Prognosen på arbeidsløysa er eit resultat av venta utvikling i arbeidsstyrken og sysselsetjinga. Utviklinga i talet på sysselsetja er brukt som indikator for etterspurnad i arbeidsmarknaden. Me har estimert etterspurnaden fordelt på næringar og regionar. Utrekningane våre er i stor grad basert på historiske data og trendar. For fleire næringar bruker me åra 2016-2019 som samanlikningsgrunnlag, medan me baserer oss på dei mest oppdaterte trendar i andre næringsgrupper. For geografisk tilknytning har me nytta sysselsetja etter arbeidsstad. På lik linje har me rekna ut venta arbeidsstyrke, som gir eit anslag for arbeidstilbodet i marknaden. For å rekna ut arbeidsstyrken har me nytta

befolkningsframskrivingar frå SSB. Arbeidsløysa blir då differansen mellom prognosert arbeidsstyrke og sysselsetjinga. Dei endelege estimata er justerte etter skjønn.

Tilpassinga på arbeidsmarknaden

Stramheit i arbeidsmarknaden er eit mål på forholdet mellom talet på ledige stillingar og talet på jobbsøkjjarar. Jo strammare arbeidsmarknaden, desto meir slit bedriftene med å fylla stillingar med kvalifisert arbeidskraft. Vi har rekna ut stramheita i næringsgrupper og regionar ved å dele stillingsgangen på gjennomsnittleg behaldning av bruttoledige (heilt ledige og ledige på tiltak).

3. Økonomiske utsikter

3.1 Internasjonale trendar

Dei siste åra har verdsøkonomien vore prega av uro og uvisse. Etter store utfordringar knytt til handteringa og konsekvensane av pandemien, krigen i Ukraina og rekordhøgt prispress, er man nå i en ny fase. Sentralbankar i dei fleste land har gjennomført kontraktive pengepolitiske tiltak for å få bukt med dei høge inflasjonstala og auka styringsrenta mykje på kort tid. Samtidig som Noregs Banks (2023) siste pengepolitiske rapport påpeikar at rentetoppen er nådd i dei fleste landa, er det framleis mykje uvisse rundt dei endelege konsekvensane av den kraftige innstramminga, både for arbeidsmarknadene og for økonomien samla sett.

Tal frå IMF (2023) viser at den samla globale veksten har falle frå 3.5% i 2022 til 3.0% i 2023 og at denne vekstraten ligg under gjennomsnittet for åra før koronakrisa. I tillegg finst det store regionale forskjellar, der framveksande økonomiar opplever systematisk større vekst enn vestlege etablerte økonomiar. Spesielt Noregs handelspartnarar i eurosona slit på nivå under trendvekst. Samtidig er den underliggjande prisveksten på veg ned. Sjølv om økonomisk teori tilseier at arbeidsløysa stig når inflasjonen søkk, har arbeidsløysa halde seg nokså låg (sjå t.d. BLS (2024) og Eurostat (2023)). Dette kan tyda på at den tradisjonelle samanhengen mellom inflasjon og arbeidsløysa ikkje held særleg godt i ein verdsøkonomi som er framleis prega av seinverknadene til pandemien. Per i dag ser det rett nok ut som dei fleste land klarer å styra unna ein resesjon, men det finst også teikn på at marknadene forventar at dette kan snu i næraste framtid. Desse aspekta gjer tydeleg den store uvisse og dei komplekse utfordringane den globale økonomien møter i dag.

3.2 Norsk økonomi

Høgt prispress som følgje av bl.a. bruken av oppsparte midlar, forstyrringar på tilbodssida i samband med krigen i Ukraina og renteforskjellar til utlandet gjorde at Noregs Bank auka styringsrenta åtte gonger i løpet av 2023. Sidan norske hushalds gjeldsbelastning er høg samanlikna med andre land og fordi over 90% har flytande rente på bustadlåna sine, har aukane i styringsrenta fått direkte effekt på disponibel inntekt. Samtidig førar auken i kostnadene knytt til bustadlån til at bustadprisane fall med 0.5% i 2023 og er forventa til å falla ytterlegare i 2024 (SSB 2023, 2024). Bustadinvesteringane gjekk som følgje kraftig ned, noko som legg press på bygge- og anleggsbransjen. På den andre sida er energisektoren med på å trekkja aktivitetsnivået i den norske økonomien opp. Det er venta auka investeringar innan olje- og gassbransjen i både 2023 og 2024 (Norges Bank 2023). Ifølgje prognosen frå SSB (2023) er det venta forholdsvis låg økonomisk vekst i 2024 og 2025 på høvesvis 0.9% og 1.7% og ein svak auke i arbeidsløysa, spesielt då i byggebransjen. Ein ytterlegare faktor som bidreg til å auka arbeidsløysa er at stadig fleire flyktningar frå Ukraina blir registrert som arbeidssøkjjarar i Noreg.

Som liten open økonomi er Noreg sterkt påverka av situasjonen ute. Dette blir spesielt tydeleg når ein tek for seg dagens kronekurs. Krona er framleis svak, trass i rentehevingane og ein forholdsvis høg og stabil oljepris. Medan det finst mange moglege forklaringar på dette, er det viktig å påpeika at det er nokre næringar som taper og andre næringar som får nytta frå den svake valutakursen. Bedrifter som er avhengig av å importera gode frå utlandet vil møta auka kostnader, medan norsk eksport blir billigare for utanlandske konsumentar. Dette indikerer at det finst forskjellar i kva konsekvensar den svake valutaen har på tvers av næring og at den svake krona potensielt bidreg til å halda prisveksten oppe.

3.3 Utsikter for Vestland fylke

Vestlandsindeksen (3-2023) følger den nasjonale utviklinga nokså tett og varslar om ein nedgang innan bygg- og anleggsverksemd, medan olje- og gassbedrifter og bedrifter innan shipping, transport og lagring ventar høg aktivitet. Rapporten påpeikar også betydninga av yrkes- og sektormobiliteten på den norske arbeidsmarknaden. Medan nedgangstider innan bygg- og anleggsbransjen kan føra til ein auke i talet på arbeidsledige, skaper den høge aktiviteten i olje- gass- og kraftsektoren nye moglegheiter, gitt at arbeidstakarar er omstillingsdyktige. I rapporten frå 2. kvartal 2023, blir det også trekt fram at den svake krona gagnar reiselivsnæringa, som gjer Vestland til ein prisgunstig feriedestinasjon. Samla sett er forventningsindeksen i Vestland nokså uendra samanlikna med i fjor og lønnsenda held seg nokolunde stabil.

Kjelder:

- Bureau of Labor Statistics, januar 2024. The Employment Situation – December 2023.

<https://www.bls.gov/news.release/pdf/empsit.pdf>

- Eurostat, november 2023. Unemployment statistics.

https://ec.europa.eu/eurostat/statistics-explained/index.php?title=Unemployment_statistics

- Noregs Bank, desember 2023. Pengepolitisk rapport, 4|23.

https://www.norges-bank.no/contentassets/f5a3457c0977418cabe1bc0064eb085b/ppr_2023-4.pdf?v=12142023091018

- Sparebanken Vest, 2023. Vestlandsindeks 2-2023. Kvartalsvis forventningsindeks for Vestland næringsliv.
- Sparebanken Vest, 2023. Vestlandsindeks 3-2023. Kvartalsvis forventningsindeks for Vestland næringsliv.

<https://www.spv.no/agendavestlandet/vestlandsindeksen>

- SSB, 2023. Økonomiske analyser 4/2023. Konjunkturutvikling i norsk og internasjonal økonomi.

https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/okonomiske-analyser/okonomiske-analyser-4-2023/_attachment/inline/24a08024-941f-45db-9096-2b7aa1cb9cba:04dbf684ce08dc0250242219c77600df8201bdf7/OA2023-4.pdf


- SSB, januar 2024. Boligprisene ned 0.5 prosent i 2023.

<https://www.ssb.no/priser-og-prisindekser/boligpriser-og-boligprisindekser/statistikk/prisindeks-for-brukte-boliger/artikler/boligprisene-ned-0-5-prosent-i-2023>

4. Etterspurnad etter næringsgrupper (SSB)

Her følgjer ein gjennomgang av næringsgruppene, samt estimatet totalt. Grafane visar tal på sysselsette år for år. Den heiltrekte lina visar faktiske tal 2017-2022, medan den stipla lina viser prognoserte tal for 2023-2025.


4.1 Det samla estimatet



Figur 4: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Alle næringar samla.

Etter pandemien opplevde økonomien eit kraftig oppsving og ein stor auke i talet på sysselsette. Etter den bratte auken frå 2020 til 2021 ser ein at veksten flatar noko ut. Me forventar at denne trenden held fram og at veksten i 2024 og 2025 vil minka til nokså moderat nivå.


4.2 Jordbruk, skogbruk og fiske



Figur 5: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Jordbruk, skogbruk og fiske.

Dette er ein nokså liten næringsgruppe i tal, som gjer at relativt små endringar i absolutte tal gir forholdsvis store utslag i relative tal. Talet på sysselsette auka signifikant 2019-2020 og 2021-2022. Me ventar at denne kraftige vekstfasen no vil gå over i ein periode med stabilisering og lågare vekst.


4.3 Bergverksdrift og utvinning av olje



Figur 6: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Bergverksdrift og utvinning.

Etter nedgangen i 2016-17, har denne næringa vokse år for år i fylket. Mellom anna har regjeringa sin støttepakke i samband med pandemien sørja for høg aktivitet i næringa i 2020 og framover. Høg forventa etterspurnad etter olje og gass og energiknappheit som følgje av krigen i Ukraina og dessutan høgt forventa investeringsnivå i både 2023 og 2024, gjer at me anslår vidare auke i sysselsetjing fram mot 2025.


4.4 Industri, inkludert kraft og renovasjon



Figur 7: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Industri, inkludert kraft og renovasjon.

Utviklinga i sysselsetjinga i industrien, tenderer historisk til å vere ganske stabil, med noko fluktusjon no og då. Etter nedgangen i 2020 auka sysselsetjinga raskt i 2021 og 2022 med omtrent same vekstrate som før. For 2023-2025 ventar me ein liten auke i sysselsetjinga for industrien samla sett på bakgrunn av bl.a. det grønne skiftet.


4.5 Byggje- og anleggsverksemd



Figur 8: Faktisk og prognosert sysselsetting. Byggje- og anleggsverksemd.

Sysselsetjinga innan bygg og anlegg har vakse mykje i Vestland dei siste åra. Pandemien fekk sysselsetjinga til å flata noko ut i 2020, men næringa henta seg inn igjen i 2021. Då styringsrenta byrja å auka i 2022 snudde denne positive utviklinga. Lågare bustadprisar og låge bustadinvesteringar fører til at me ventar at denne næringa vil redusera talet på sysselsette i 2024 og stabilisera seg frå 2025.


4.6 Varehandel



Figur 9: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Varehandel.

Varehandelsnæringa står for mange sysselsette i Vestland, men har opplevd ein negativ trend i åra før pandemien. Auka bruk av netthandel bidreg til denne utviklingen. Etter pandemien opplevde sektoren ein boom, der etterspurnaden steig og konsumentane nytta seg av midlane spara opp under nedstenginga. Me forventar at denne innhentingsfasen er nær slutten og at trenden vil likna meir på den før 2020.


4.7 Transport og lagring



Figur 10: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Transport og lagring.

Transport og lagring har hatt nedgang i sysselsetjinga samanhengande i mange år. Reduksjonen i behovet for arbeidskraft er primært knytt til post/distribusjon og lagertenester, medan sjølve transportdelen av næringa har meir stabil sysselsetjing. Pandemien forårsaka ein betrakteleg nedgang i talet på sysselsette i denne næringa. Frå 2020 har sysselsetjinga stabilisert seg og me ventar at utviklinga i 2024 og 2025 vil vera i tråd med utviklinga før pandemien.


4.8 Overnatting og servering



Figur 11: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Overnatting og servering.

Denne næringsgruppa opplevde eit kraftig fall i etterspurnad i 2020 på grunn av restriksjonane knytt til fysisk kontakt og reise, men tok seg opp igjen i 2021 og talet på sysselsette auka endå litt meir i 2022. Den svake kronekursen bidreg til at utsiktene i denne næringa framleis er god, slik at me ventar ein stabil vekst i talet på sysselsette framover.


4.9 Tenesteyting (med høg kompetanse)



Figur 12: Faktisk og prognosert sysselsetting. Tenesteyting (med høg kompetanse)

Denne næringsgruppa er ei samanslåing av kommunikasjon, finans, teknisk og forretningsmessig tenesteyting. Fellesnemnaren er støttetjenester som i stor grad har høge utdannings- og kompetansekrav. Denne gruppa har opplevd stabil vekst fram til 2020, noko som reflekterer det aukande behovet for arbeidstakarar med høgare utdanning innan tenestesektoren. Etter ein nedgang under pandemiåret har denne gruppa opplevd høg vekst fram mot 2022. Sidan det er underliggjande endringar i arbeidsmarknadsstrukturen som driv den auka etterspurnaden for denne gruppa, trur me på ein auke i talet på sysselsette også framover.


4.10 Offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring



Figur 13: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Offentleg administrasjon, forsvar, sosialforsikring.

Etter at talet sysselsette var nokså konstant over tid før pandemien opplevde denne næringsgruppa ein stor auke under og etter pandemien. Me ventar at denne trenden snur frå 2023 på grunn av stramme statsbudsjett som følgje av omsyn til inflasjonspresset i økonomien.


4.11 Undervisning



Figur 14: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Undervisning.

Sysselsetjinga aukar jamt og trutt i undervisningssektoren. Som ein av få sektorar var undervisningssektoren ikkje negativt påverka av koronakrisa. Etter at veksten flata litt ut i 2022, ventar me ein vidare moderat auke i talet på sysselsette fram mot 2025.


4.12 Helse- og sosialtenester



Figur 15: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Helse- og sosialtenester.

Helsetenester veks jamt år for år, men har vokse ekstra raskt i pandemiåret 2020 og inn i 2021. Arbeidsmarknaden innan helsesektoren har vore ein av dei strammaste dei siste åra. På grunn av stort underliggjande behov for helsearbeidarar ser me ikkje for oss at etterspurnaden skal minka nemneverdig dei neste åra, men går ut frå at manglande tilbod av kvalifisert arbeidskraft set visse grenser for kor mykje talet på sysselsette kan veksa framover.

4.13 Personleg tenesteyting



Figur 16: Faktisk og prognosert sysselsetjing. Personleg tenesteyting.


Personleg tenesteyting er ei gruppe som inkluderer ei nokså heterogen gruppe av sysselsette, som til dømes frisørar eller treningsstudiomedarbeidarar. Det som sameiner desse yrkesgruppene er at dei som regel har direkte kontakt med kundane sine, noko som bidrog til fallet i talet på sysselsette under pandemien. Vekstraten kom raskt tilbake til tidlegare nivå frå 2021 og me ventar ein vekst på om lag same nivå framover.

5. Tilpassing på arbeidsmarknaden

5.1. Stramheit

Stramheit i arbeidsmarknaden indikerer i kor stor grad tilbodet av ledige stillingar samsvarar med tal på og kompetansen til dei arbeidsledige. Verdiane i figurane nedanfor har blitt rekna ut ved å dele stillingstilgangen på gjennomsnittleg behaldning av bruttoledige (heilt ledige og ledige på tiltak). Talet 1 indikerer balanse mellom stillingar og arbeidsledige. Eit større tal indikerer mangel på arbeidskraft med rett kompetanse.

Figur 17 illustrerer stramheita innanfor eit utval av yrkesgrupper. Arbeidsmarknaden var i 2023 strammast for grupper innanfor helse og undervisning med auke frå 2022.




Figur 17: Stramheita etter grovyrke i Vestland. 2023 mot 2022.


Stramheita i Vestland samla sett ligg nokså tett på landet dei siste åra. Men det er store sprik internt i fylket (sjå fig. 18) og mellom yrka (sjå fig. 17 og 19).

Av regionane, ser vi at Voss og Hardanger, Sunnhordland og Sogn samla sett har høgast mangel på kvalifisert arbeidskraft. Desse regionane er også blant dei med lågast arbeidsløyse. Region Midthordland, Vest og Nordfjord har minst stram arbeidsmarknad. I snitt har desse regionane ei høgare arbeidsløyse.

Som i landet er det størst mangel på kvalifisert arbeidskraft i Vestland i 2023 innan helsesektoren. Den aldrande norske befolkninga skaper varig høg og aukande etterspurnad i denne sektoren, men tilbodet av kvalifisert arbeidskraft på arbeidsmarknaden er knapt. Mangelen er aller størst innan profesjonane sjukepleie og jordmødrer. Deretter kjem leiarar innan undervisning og barnevern og førskulelærarar.



Figur 18: Stramheita etter region i Vestland. 2023 mot 2022. Rangert etter 2023 tal.



Figur 19: Dei strammaste yrka med meir enn to utlysingar i månaden.

6. Regionale overslag

Vi har laga prognosar for regionane både når det gjeld sysselsetjing og arbeidsløyse. Arbeidsstyrken for regionane er rekna ut ved hjelp av framskrivingar av befolkning og yrkesfrekvensar for aldersgruppa 15-74 år.

Tabellen under viser sysselsettinga med arbeidsstad i regionane 2020-2022, eit estimat for året 2023, og prognose for 2024 og 2025. Vi ventar ein auke i sysselsettinga i alle regionane i 2023. I 2024 er det Bergen som får det meste av auken, men det blir ein liten auke i alle regionane. Prognosen viser også ein vidare auke i 2025, sjølv om denne er venta til å bli meir beskjeden samla sett.

	Faktiske tal			Prognose		
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
R01 Bergen	165283	171882	176319	179471	180929	182206
R02 Sunnhordland	25379	25593	25893	26017	26063	26109
R03 Voss/Hardanger	18426	18713	18714	18810	18865	18928
R04 Midthordland	11877	12245	12341	12522	12584	12662
R05 Vest	22664	23315	23529	23657	23701	23753
R06 Nordhordland	17489	17650	17835	17970	18011	18059
R07 Sunnfjord	25507	25639	25820	25834	25844	25854
R08 Sogn	14878	15088	15179	15242	15260	15278
R09 Nordfjord	12359	12421	12434	12477	12488	12498
VESTLAND	313862	322546	328064	332000	333746	335346

Tabell 2: Talet på sysselsette etter arbeidsstad 2020 - 2024. Prognose for åra 2023 og 2024.


Tabellen under viser utviklinga i talet på arbeidsledige frå 2019 til 2023, samt prognose for 2024. Vi ventar ein liten auke i alle regionane. Sogn og Nordfjord er mellom dei regionane som vil få størst prosentvis auke, men her er talet på arbeidsledige svært låg frå før. Elles er det også venta at region Vest vil ha ein prosentvis sterk oppgang i arbeidsløysa i 2024.

	Faktiske tal					Prognose
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
R01 Bergen	3,1%	6,2%	4,1 %	2,5 %	2,4 %	2,6 %
R02 Sunnhordland	2,2%	4,3%	2,7 %	1,5 %	1,2 %	1,3 %
R03 Voss og Hardanger	1,7%	4,1%	2,5 %	1,6 %	1,4 %	1,6 %
R04 Midthordland	2,8%	4,8%	3,2 %	2,0 %	2,2 %	2,3 %
R05 Vest	3,2%	5,8%	3,8 %	2,4 %	2,1 %	2,4 %
R06 Nordhordland	2,2%	4,2%	2,7 %	1,7 %	1,3 %	1,5 %
R07 Sunnfjord	2,3%	3,6%	2,2 %	1,9 %	1,8 %	1,9 %
R08 Sogn	1,5%	3,5%	2,0 %	1,5 %	1,7 %	2,0 %
R09 Nordfjord	1,5%	3,4%	2,2 %	1,7 %	1,7 %	1,9 %
VESTLAND	2,6%	5,2%	3,4 %	2,1 %	2,0 %	2,2 %

Tabell 3: Utvikling i talet på bruttoledige 2019 - 2023. Prognose for 2024. Årssnitt.

I figuren under blir arbeidsløysa vist som prosentdel av arbeidsstyrken etter region for 2023 og eit anslag for 2024. Regionane Bergen, Midthordland og Vest ligg over fylkesgjennomsnittet på rundt

2.2%. Den prognoserte arbeidsløysa er lågast i Sunnhordland på 1.3%. Alt i alt er den samla arbeidsløysa framleis låg, sjølv om trenden er lett stigande.



Figur 20: Brutto arbeidsløysesprosent etter region i 2023 og 2024 (prognose)